

Valle, 02.09.2013

Referat frå møte mandag 2.september i arbeidsgruppe 1

Referatet er óg rapport til styret for prosjektet.

Møtestad: Kommunehuset i Valle, videokoferansesalen.

| Desse møtte: | |
|---------------------|--------------------------|
| Sigrid Bjørgum | Bykle kommune |
| Kay Jeiskelid | Bykle kommune |
| Olaf Vestersjø | SR Villreinlag |
| Per Ketil Omholt | FM Aust-Agder |
| Alf Odden | Verneområdeforvaltar |
| Peter Hermansen | SNO |
| Kjell Helle-Olsen | Stavanger Turistforening |
| Lars Arne Bay | Sekretær |

| Meldt forfall: | |
|-----------------------|-----------------------------|
| Torkel Myklebust | Suldal kommune |
| Reidar Sandal | SNO |
| Kåre Paulsen | Statkraft, RegionVest-Norge |
| Sondov Bjåen | SR Villreinlag |
| Anna Tveiten | Grunneigar, Bykle |
| Jan Dagfinn Dalen | Bykle Fjellstyre |
| Hans Fløystad | Aust-Agder FK |

Møtet starta med kaffi og uformell velkomst. Per Ketil Omholt, leiar i arbeidsgruppe 1 ønskte deltakarane velkommen til andre møtet i arbeidsgruppa. Han ba om årsaking for at møtedatoen vart utsett, noe som nok førte til at noen deltakarar ikkje fann tid til å møta.

Sak 1. Gjennomgang av tema 2 og 4. Kva har skjedd så langt i sommar

Tema 2. Korleis auka trekkaktiviteten nord-sør og aust-vest.

Målet er å bedra vilkåra slik at dyr lettare trekker inn i beiteområder som i dag er lite nytta. Innanfor det arealet som er hovedfokusområde for denne arbeidsgruppa; frå Store Urevatn/Holmevatn i nord til vegen inn til Svartevassmagasinet i sør, så gjeld dette i hovudsak areal vest og aust for Blåsjø. I tillegg er det endringar vest for Svartevassmagasinet og nordvest for Blåsjø ved at viktige trekk er demt ned/vanskeleggjort.

Registreringar av GPS-merka dyr, holdt saman med historisk kunnskap viser at det er tydelege flaskehalsar/hindringar. Den største flaskehalsen er utan tvil i sørenden av Blåsjø mellom Storsteinvatnet og Gyfossen. Registreringane viser at dyra trykker mot denne aksen, men få dyr har passert nordover. Større stamme og ro nær flaskehalsen er truleg viktige faktorar for at dyra skal passera, både på vestsida og austsida av Blåsjø. Særleg vestsida av Blåsjø (Hjelmeland) er heilt avhengig av dette trekket for å få dyr utover i sine områder ettersom trekka i nordvestenden av Blåsjø er totalt avskore. I nordenden på austsida er ein del av dei gamle trekka intakt, men Store Urevatn og vegen inn til vatnet har truleg forverra dei opprinnelege trekka.

Her må presiserast at dette gjeld sommarhalvåret. I den delen av året då vatna er islagt er ikkje trekkaktiviteten forhindra av kraftmagasina.

Det er felles forståing om ei målsetting om ein større stamme i sør, og ein stor andel storbukk. Dette temaet ligg utanfor vårt mandat (arbeidsgruppe 3), men er eit viktig vilkår for at dyra lettare skal søka til alternative beiteområder og nytta kantane av villreinområdet. Kort oppsummert så har denne gruppa fokusert på behovet for jaktfrie soner der det i dag er lite dyr, slik at tradisjonsdyr ikkje vert skotne. Det er grunn til å stilla spørsmål ved om ikkje det også er trong for freding av areal sør for den før nevnte flaskehalsen slik at dyra ikkje vert møtt av jegerar når dei nærmar seg sjølve flaskehalsen.

Tema 4. Ferdsel i Setesdal-Ryfylke, konflikt med villrein og avbøtande tiltak

Temaet er delt i 3 underpunkt:

1. Kvar er det flaskehalsar
2. Kanalisering av ferdsle – utprøving av tiltak
3. Innhenting av kunnskap som grunnlag for utarbeiding av Sti- og løypeplan

Etableringa av Blåsjø, Store Urevatn og Svartevassmagasinet har endra landskapet, og opna områda ved at det er bygd anleggsveggar inn til magasina.

Flaskehalsane er delvis naturlege pga. topografi, dalar og vatn. Men dette er forsterka gjennom menneskelege inngrep. Magasin, kraftlinjer og vegar ligg fast. Det som kan endras er korleis ein evt. regulerer ferdsel langs vegane. Vegane til dei 3 magasina er alle bomma, men regelverket er forskjellig (dette er omtala i referatet frå siste møte). Her må vi vera ryddige slik at tiltak alltid skal forankras i dokumentert kunnskap.

I referatet vart det lista opp kva ein må få meir kunnskap om:

1. Aktivitet med utgangspunkt frå anleggsvegane til Svartevatn, Blåsjø og Store Urevatn
2. Aktivitet ut frå Svartevassmagasinet. Kva er aktiviteten i den perioden adkomst er vanskeleggjort grunna arbeid ved dammen (2 år fram i tid), og kva var aktiviteten før dette, og etter at anleggsdrifta er ferdigstilt.
3. Er det mogeleg å kartlegga aktivitet med utgangspunkt i hyttekonsentrasjonarsom ligg opp mot høgfjellet? Og kva fører denne aktiviteten til?

Kva er gjennomført

Det vart vedtatt å montera trafikktegnar på vegen til Store Urevatn. Sein levering har ført til at dette først vert gjennomført i 2014.

Bakgrunnen for denne utsettinga er grunna i at leverandør av trafikktegnaren ikkje klarte å levera denne tidsnok til at ein fekk utplassert denne sommaren 2013. dette vil føra til ei utsetting på eit år for dette tiltaket.

Arbeidet er i gang med å få oversikt over aktivitetar nevnt i dei tre punkta over.

Status for merka dyr:

Det vart merka 7 bukkar og 2 simler sist vinter. 2 bukkar vest for Blåsjø, 1 bukk aust for Blåsjø, 3 bukkar sør for Brokke-Suleskardvegen og 1 nord for vegen. I tillegg 2 simler; ei i sør og ei i nord.

Bukk nr. 1 merka vest for Blåsjø. 10/3 drog han austover til austsida av Blåsjø. Kryssa i sørenden av Blåsjø. Var tilbake til Beinlei 19/3, men returnerte samme ruta mot aust att 29/3. Har vore i området Hovatn, Bygdeheia, Vatnedalen etterpå.

Bukk nr. 2 merka vest for Blåsjø/Svartevassmagasinet. 27/5 drog han austover til austsida av Blåsjø. Kryssa i sørenden av Blåsjø. 5/7 var han tilbake på vestsida ved Beinlei.

Bukk nr. 3 merka på austsida av Blåsjø. Var ned til Botsvatn og drog norrd att under Gyfossen og opp Steinbuskardet. Er nord for Botsvatn.

Bukk nr. 4 merka aust for Roskrepfjorden. Droг kjapt til Aurahorten (vest for Svartevassmagasinet. 27/5 drog han austover saman med bukk nr. 2. 12/7 er den registrert i Djupetjørnnuten (ligg på nordsida av Botsvatn) der den har stått seinare.

Bukk nr. 5 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. 15/7 var han på Aurahorten. Siste kontakt var 23/7, som kan bety at han står i eit område uten mobildekning.

Bukk nr. 6 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. 10/6 kryssa han vegen nordover (nær Myklevatn). 17/6 kryssa han Botsvatn (svømte) og er no på Bygdeheia.

Bukk nr. 7 merka sør for Brokke-Suleskardvegen. Har vore i sør fram til jakta. Vart skoten første jaktdagen i Gruvledalen i Bygland. Funnen daud av fotturist to dagar etterpå. Anmeldt grunna manglande ettersøk.

Simle nr. 1 rémerka i nordområdet i 2012 der den har vore sidan 2007 (merka første gang).

Simle nr. 2 merka i sørområdet aust for Roskrepfjorden der den er fortsatt.

3 simler merka i 2011 gir fortsatt signal. Ei er i nordområdet og 2 aust for Roskrepfjorden (i praksis gir dyra signal i 2 år før batteria går ut).

Det vart understreka av alle at det må vera ei prioritert oppgave å ha merka dyr slik at ein ser evt. endringar. Dette gjeld også på austheia nord, slik at ein lettare registrerer ei evt. forflytting til vestheia.

Sak 2.Drøfting og framdriftsplan

Det var brei semje om at det bør prioriteras vidare merking av dyr. Dette gjeld både simler og bukkar.

Vi treng merka simler i nordområdet for bedre å fanga opp det som skjer rundt vegen til Store Urevatn. Dette ser vi i sammenheng med at vi får trafikkteiling her i 2014.

Treng vi fleire registreringar?

Dersom det er tilgang til fleire trafikktellarar vart det konkludert med at ein tellar på vegen langs Blåsjø til Storvassdammen (mellom Beinlei og Storvassdammen) bør prioriterast. Dette for å kartlegga omfanget av sykklar og gåande på denne vegen som er bomma. Biltrafikken er det Statkraft, Statnett og SNO som står for, og den får vi oversikt over.

Det er stor trafikk av turistar på vegen frå Oddatjørn til Førrevassdammen (bil og buss). I forhold til villrein er det trafikken vidare til Gilavatn som kan vera eit problem. Her er det kun fotturistar. Dersom det er ledige tellarar bør vegen mot Gilavatn prioriterast. Dersom det er ledige tellarar hadde det vore bra å få tall for trafikken til Førrevassdammen også. Grunnen er at dette i så fall vil gi eit bilde av den situasjonen som det vil bli mot Storvassdammen dersom regelverket for vegen blir endra og bommen ved Beinlei fjerna.

Trafikken på vegen frå Oddatjørn mot Skreivasskleivane har områdeforvaltaren i Suldal god kontroll på, slik at her vurderer vi behovet for tellar lite.

Vegen til Svartevassmagasinet er open fram til Godfardalen pga. anleggsdrifta. Men all tilgang til båtutsetting på magasinet er stengt av samme årsak.

Innsamling av data for ulike aktivitetar

Det skal lagast statistikk for overnattingar på hyttene i området (Stavanger turistforening, Statskog og Bykle- og Hjelmeland Fjellstyre) som viser aktivitet til ulike årstider.

Det skal vera med tall tilbake i tid. Aktiviteten på magasinerna skal ein også forsøka å få tall for (Svartevassmagasinet, Blåsjø og Store Urevatn).

Har vi grunnlag for å iverksetta tiltak?

Diskusjonen var konsentrert om flaskehalsen i sørenden av Blåsjø, og eit evt. behov for freding inn mot flaskehalsen.

Det mest sårbare området er frå utfallsosen av Ytre Storvatn og austover til Sandvatn, og vidare nordover i austenden av Sandvasshorten. Ein ukontrollert jaktaktivitet (reins- og rypejakt) her kan fort hindra dyr og trekka vidare nordover på begge sider av Blåsjø. Den aktiviteten som er mest uheldig er når Svartevassmagasinet er så høgt at ein kan gå med båt inn i Ytre Storvatn. Då vil det opna for aktivitet i den trangaste delen av flaskehalsen.

Ideelt sett bør det ikkje vera båttrafikk lenger enn til Litle Auradalen, slik at kanalen vidare nordover får liggja i fred.

Før tiltak blir iverksatt bør ein ha tall for aktivitet slik at ein kan vurdere om denne aktiviteten overstig det som blir vurdert som problematisk terskelverdi.

Neste møte vert i april 2014. Det bør leggas til samme tid og stad som årsmøte i villreinlag/villreinnemnd.

Møtet slutt kl. 13.00